

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 8. november 2019 14:22  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 39/2019, 8. NOVEMBER

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 39/2019, 8. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). [Send gjerne tips og kommentarar.](#)

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### BYGGING OG PARKERING: MANGE ENDRINGAR PÅ GANG

Tilsette, studentar og besøkande til høgskulen må diverre rekne med kortvarige mellombelse stengingar både av vegar inn til høgskulen og på sjølve høgskuleområdet i tida framover. Denne veka har det gått ut varsel om at vegen forbi Lettbygget har vorte stengt for gjennomkøyring.

### MEDIESTØTTE-RAPPORTAR FRÅ HØGSKULEN

Avdeling for mediefag har fått kontrakt med Medietilsynet om å vurdere publikasjonar som søker om pressestøtte. AMF har levert to rapportar som vore viktige i vurderinga av Dagbladet+ og Nett.no i deira søknader om pressestøtte. Rapportane er tilgjengelege i skriftserien til Høgskulen i Volda: <https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmliui/handle/11250/154170>

### 500 BARNEHAGETILSETTE SAMLA I ÅLESUND

Den årlege barnehagekonferansen samla også i år 500 deltakarar og fullt hus på Parken hotell i Ålesund. Konferansen vert arrangert av Høgskulen i Volda (BLU) i samarbeid med Utdanningsforbundet og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Også årets konferanse fekk gode omtalar frå deltakarane.

### SAMARBEID MED VIDAREGÅANDE SKULAR OM FAGFORNYINGA

AHL og Møre og Romsdal fylkeskommune har hatt samling i Geiranger for 150 skuleleiarar frå Møre og Romsdal. Tema for samlinga var læreplanarbeid og fagfornyinga i skulen. Alle skular skal hausten 2020 ta i bruk dei nye planane og samlinga i Geiranger var eit ledd i dette arbeidet.

<https://www.hivolda.no/laerarutdanninga/samarbeider-tett-med-vidaregaande-skular-om-framtida>

### STUDIEBAROMETERET: SVARFRISTEN GÅR UT OM FÅ DAGAR

Studiebarometeret er ope for svar frå studentar fram til 17. november.

Her er oversyn over svarprosentar på høgskulens avdelingar og studium pr i dag:

<https://results.dk/Status?guid=TN6ZU51K3K9N>

### OVERFØRING AV FERIE: MAKS 14 DAGAR KAN OVERFØRAST TIL 2020

Det har gått ut melding til alle tilsette om å kontrollere kor mykje ferie som har vorte teke ut - eller er planlagt å ta ut - i 2019. Personalkontoret minner om at det maksimalt kan overførast 14 arbeidsdagar til 2020 for dei som arbeider i 100 prosent stilling. Søk om overføring av ferie i skjema i SAP, og siste frist for å overføre feriedagar er 31.12.2019.

### MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

22.10.-12.11.2019: Studiebarometeret - periode der studentane kan sende inn svar.

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

13.12.2019: Julebord 2019

26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

Alle blogginnlegg: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygging av nytt mediehus: <https://www.hivolda.no/mediebygg>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>